

4*

Kor kjem maten vår i frå?

Kor har den vore før den havnar på fatet vårt?

Har dyra hatt det bra? Korleis kan me vite det?

Har grønnsakene vore sprøytta med plantevernmidlar eller er dei dyrka økologisk? Og kva er forskjellen, eigentleg?

Kva mat kan me sjølv finne i naturen?

Og kva er sunn mat?

**Frå jord til
bord som
fellesprosjekt
i klubben
neste år?**

4H Matskule

På **4H Matskule** ser me nærmare på maten si reise frå jord til bord. Me besøker matprodusentar eller me går ut og haustar råvarer sjølv. Me lærer å lage mat etter enkle grunnprinsipp: God og smakfull mat utan suppeposar!

På nyåret kjem det tilbod til 4H-klubbane i Sogn og Fjordane om å melde seg på matskular. Viss klubben ynskjer å gjennomføre 4H Matskule som fellesprosjekt kjem det ut ein 4-trinns matskule knytt til årstidene som de kan følgje, anten med å arrangere den sjølv (med hjelp frå prosjektleiar), eller ved å delta på kurs. Vurderer de *frå jord til bord* som fellesprosjekt kan de allereie melde interesse til hanna.degroot@4h.no

4H Matskule - matens veg frå jord til bord er støtta av Gjensidigestiftelsen, Bygdeutviklingsmidlar, Sparebankstiftinga og fylkeskommunen.